



Sak nr 2/2012

Møtedato: 6.2.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.47

Søknad frå Norsk Irsksetterklubb om vinterprøve

Norsk irsksetterklubb søker om å få arrangere jaktprøve den 17. og 18. mars.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1. *Prøvedato: 17. og 18. mars 2012.*

2. *Areal: Vestre Slidre statsallmenning.*

3. *Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.*

4. *Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.*

5. *Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.*

6. *Pris: Kr 70 pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.*

7. *Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.*

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.2.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norsk irsksetterklubb v/Martin Sundell